



Arkivnr: 2015/535-5

Saksbehandlar: Torill Klinker

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

Regional transportplan Hordaland - høyring av framlegg til planprogram

Samandrag

Gjennom regional planstrategi for Hordaland vart det i 2010 vedteke å starta opp arbeidet med første generasjon Regional transportplan Hordaland. Den regionale planen med tilhøyrande planprogram vart vedteken i 2012, med planperiode 2013-2024. Det vart lagt til grunn at planen skulle rullerast kvart 4. år, og at handlingsprogrammet skulle rullerast årleg. Ettersom gjeldande handlingsprogram er vedteke for perioden 2015-2017, samt at neste NTP-periode gjeld frå 2018, er det vurdert som hensiktsmessig at neste Regional transportplan Hordaland vil gjelda for perioden 2018-2029. Fylkesutvalet vedtok i sak 49/2015 oppstart av planarbeidet.

Plan- og bygningslova krev at det i forkant av alle regionale planar skal utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skal presentere føremålet med planlegginga og avgrense planarbeidet tematisk. Planprogrammet skal også avklåra korleis planarbeidet skal organiserast og kva prosessar planen skal følgje fram til endeleg vedtak. Planprogrammet skal dessutan gjere greie for eit opplegg som sikrar medverknad i planprosessen. Planprogrammet skal høyrast og vedtakast politisk.

Forslag til innstilling

1. Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Fylkesrådmannen, 23.06.2015

1. Innleiing

Regional planstrategi for Hordaland, "Hordaland skaper verdiar", vart vedteke av fylkestinget i desember 2010. Den slår fast at det skal lagast ein regional transportplan som har som formål å formidle fylkeskommunen sine mål og strategiar knytt til transportsystemet i fylket.

Den regionale transportplanen skal vere Hordaland fylkeskommune sitt motstykke til nasjonal transportplan (NTP) og ein plan som legg grunnlaget for fylkeskommunen sine samferdslepolitiske prioriteringar på lang sikt. Det vert lagt opp til at planen skal omhandle heile transportsystemet i fylket. Regionale planar er ikkje «fylkeskommunen sin plan», men eit felles strategisk verkty for heile fylket.

Fylkeskommunen vil vera ansvarleg for planprosessen som må gjennomførast i tett samarbeid med statlege etatar, kommunar og nærings- og interesseorganisasjonar. Den regionale planen vil følgja prosess og krav til medverknad i høve til plan- og bygningslova. Eit viktig fokus i planarbeidet er å sikre god kopling og avgrensing av planen opp mot anna parallelt planarbeid (til dømes Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.)

2. Om planprogrammet

For alle regionale planar er det etter plan- og bygningslova § 8-3 krav om utarbeiding av eit planprogram. Planprogrammet skal fastsette kva tema som skal handsamast i planen, føremål til planen, organisering av arbeidet, prosess og framdrift, samt opplegg for medverknad. Det framlegget til planprogram som no er utarbeida har følgjande oppbygging:

Kapittel 2 Formål og verknader

Dette kapittelet skildrar bakgrunnen for og verknader av planarbeidet. RTP skal vera ein regional langsiktig strategiplan for transportsektoren i Hordaland. Planen skal legge grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosesser som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Kapittel 3 Rammer for planarbeidet

Kapittelet presenterer nasjonale og regionale føresetnader for planarbeidet. Kapittelet omtalar prosessen kring Nasjonal transportplan (NTP) og statlege ansvarsområde samt kva regionale rammer som legg føringar for den regionale transportplanen.

Kapittel 4 Planstruktur

Dette kapittelet presenterer mål og strategiar for planarbeidet, omtale av skiljet mellom sjølv planen og handlingsprogrammet og korleis ein ser føre seg oppbygging av planen.

Kapittel 5 Plantema

Dette kapittelet presenterer dei plantema som skal omtala i RTP. Planprogrammet peikar på utfordringar og utgreiingsbehov knytt til kvart tema. Tema innanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde - som fylkesvegnettet og kollektivtransport - er hovudtema i denne planen. For andre tema spelar RTP ei viktig rolle som formidlar av fylkeskommunal politikkutforming.

Her følgjer ei opplisting av dei fire plantema, med tilhøyrande undertema, som er omtalt i planprogrammet:

- **Fylkesvegnettet**

- Overordna fylkesvegsnett
- Øvrig fylkesvegnett
- Vedlikehald
- Vurdering av standardkrav
- Tunellar
- Bruer og ferjekaiar
- Sykkel og gange
- Ferjesamband

- Trafikksikring
- Skredsikring
- Klimatilpassing
- **Kollektivtransport utanom Bergensområdet**
 - Hovudlinjenett som knyter regionane saman
 - Infrastruktur for kollektivtrafikken
- **Transport i Bergensområdet**
- **Finansiering**

Kapittel 6 Organisering, prosess og medverknad

- **Organisering**
 - Organisering av arbeidet med planprogrammet
 - Organisering av arbeidet med Regional transportplan Hordaland
- **Prosess**
- **Medverknad**
 - Medverknad frå offentlege instansar
 - Medverknad frå interesseorganisasjonar
 - Medverknad frå ålmenta
- **Framdrift**

3. Organisering av arbeidet med planprogram

Høyringsframlegget til planprogram er utarbeida med medverknad frå kommunar og regionale statsetatar. Det faglege planarbeidet har vore koordinert av ei administrativ prosjektgruppe leia av fylkesdirektør samferdsel. Prosjektgruppa har bestått av representantar frå Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket, Avinor, Fylkesmannen og regionråda i fylket. Arbeidet har vore tilrettelagt av sekretariatet, som har bestått av representantar frå samferdselsavdelinga og Statens vegvesen. Saksordførar Atle Kvåle (Ap), oppnemnt av fylkestinget, har følgt arbeidet med utforming av planprogram.

4. Høyring og endeleg vedtak

Høyringsperioden er etter lova fastsett til minst 6 veker. Det vert lagt opp til at høyringsperioden varer om lag frå 1. september til 20. oktober. Etter høyring skal innkomne høyringsinnspel takast opp til vurdering i den administrative prosjektgruppa.

Det vert lagt opp til endeleg vedtak i fylkesutvalet 18-19. november 2015, etter handsaming i samferdselsutvalet 11. november og kultur- og ressursutvalet 12. november.

5. Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår til at framlegg til planprogram vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3.